



NR 9 05/06

Informasjon til heimen

Fredag 9.juni 2006

## Sommartilbod ved Sagvåg skule?

Dersom det vert meir enn 8 elevar påmeldt i ein av periodane vert det sommarope for elevar ved Sagvåg skule sommaren 2006. Dette tilbodet gjeld alle elevar frå 1. til 7.årssteg!

Tilbodet vert gjeve som eit fritidstilbod etter same modellen som SFO med opningstid frå kl 07.00 til 16.00.



### JUNI:

22.- 30.juni: (7 dagar): **kr 1680,-**

### AUGUST:

1.august til 15.august (11 dagar) **kr 2640,-**



(Me er også i kontakt med Leirvik skule om eit eventuelt samarbeid dersom det vert for få elevar hos oss.)

Ta kontakt dersom de har spørsmål: tlf. 53 40 97 10

## Flott møbelkatalog

Det er svært mange flotte bilete frå Sagvåg skule i den nye møbelkatalogen til Offinngruppa. Det er denne leverandøren som har levert alle dei nye møblane til skulen vår. Katalogen vert sendt til alle skulane i landet og er flott reklame også for oss. Eg har vore i kontakt med Offinn og bede om at me får fleire katalogar slik at alle elevane som er med kan få ein katalog som eit minne.



Lars Bakka  
-rektor-



Me ynskjer 'SFO' i sommarferien (Sett kryss)

JUNI kr 1680,-

AUGUST kr 2640,-

Sign: \_\_\_\_\_

**SVARFRIST: TYSDAG 13.JUNI**